

# Eksamen

15.11.2021

HEA2002 Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:** Helsearbeiderfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Denne oppgåva inneheld ingen vedlegg.
<b>Vedlegg som skal leverast inn</b>	Du skal ikkje levere inn nokon vedlegg.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I dette oppgåvesettet blir det lagt vekt på kunnskapar, haldningar og ferdigheiter innanfor faget kommunikasjon og samhandling. Alle dei utvalde kompetansemåla i oppgåva skal inngå i svaret.
<b>Andre opplysningar</b>	Dei følgande kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret: <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes</li><li>• Drøfte hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse</li><li>• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit</li></ul>

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

# Oppgave 1

Du er helsefaglærling i eit bufellesskap for demente. Du har brukt lang tid på å bli kjent med Grete, som er ein av tolv bebuarar. Ho er 85 år, og har to vaksne døtrar.

Grete liker best å vere på rommet, der ho ofte blar i familiealbumet sitt. Ho blir lett irritabel når du foreslår at ho bør vere med på felles aktivitetar, eller å ta del i daglege gjeremål på avdelinga, som for eksempel å dekke bord, tørke støv osv. Grete ønsker helst å ete måltida på rommet og vil gjerne ha selskap av deg mens ho et.

Dei gongane Grete blir med ut i avdelinga, blir ho lett uroleg og vandrar fram og tilbake i gangane. Ho spør mykje etter dottera si, som ho meiner snart kjem heim frå skulen.

Du har ikkje vore på jobb på ei veke, og du merkar at Grete er skeptisk til deg. Etter morgonstellet i dag vil ikkje Grete vere med deg ut til frukost.

- a. Kvifor kan det vere vanskeleg å sjå ein person som medmenneske og ikkje «berre» ein bebuar på ein institusjon?
- b. Korleis kan du vere eit medmenneske og vise omsorg for Grete i denne situasjonen?
- c. Drøft korleis du kan kommunisere og få til eit godt samspel med Grete.
- d. Drøft korleis helsa til Grete blir påverka viss du er saman med henne på rommet under måltida.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Denne oppgaven inneholder ingen vedlegg.
<b>Vedlegg som skal leveres inn</b>	Ingen vedlegg skal leveres inn.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	I dette oppgavesettet blir kunnskaper, holdninger og ferdigheter innenfor faget kommunikasjon og samhandling vektlagt. Alle de utvalgte kompetansemålene i oppgaven skal inngå i besvarelsen.
<b>Andre opplysninger</b>	Følgende kompetansemål blir vektlagt i vurderingen av eksamensbesvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes</li><li>• Drøfte hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse</li><li>• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit</li></ul>

#### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN

- Start med å lese oppgaveinstruksjonen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!

## Oppgave 1



Du er helsefaglærling i et bofellesskap for demente. Du har brukt lang tid på å bli kjent med Grete, som er en av tolv beboere. Hun er 85 år, og har to voksne døtre.

Grete liker best å være på rommet, hvor hun ofte blar i familiealbumet sitt. Hun blir lett irritabel når du foreslår at hun bør være med på felles aktiviteter, eller å delta i daglige gjøremål på avdelingen, som for eksempel å dekke bord, tørke støv osv. Grete ønsker helst å spise måltidene på rommet og vil gjerne ha selskap av deg mens hun spiser.

De gangene Grete blir med ut i avdelingen, blir hun lett urolig og vandrer frem og tilbake i gangene. Hun spør mye etter datteren sin, som hun mener snart kommer hjem fra skolen.

Du har ikke vært på jobb på en uke, og du merker at Grete er skeptisk til deg. Etter morgenstellet i dag vil ikke Grete være med deg ut til frokost.

- a. Hvorfor kan det være vanskelig å se en person som medmenneske og ikke «bare» en beboer på en institusjon?
- b. Hvordan kan du være et medmenneske og vise omsorg for Grete i denne situasjonen?
- c. Drøft hvordan du kan kommunisere og få til et godt samspill med Grete.
- d. Drøft hvordan helsen til Grete blir påvirket hvis du er sammen med henne på rommet under måltidene.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)